



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2025/1190-3

Sakshandsamar: Finn Arne Askje

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Formannskap Kommunestyre		

Revidert samarbeidsavtale for klima og miljøberedskap i Telemark

Saksframlegg godkjent 11.11.2025.

Åge Verpe

Kommunedirektør

Knut Erik Paulsen

kommunalsjef plan, næring og kultur

Vedlegg

- 1 Samarbeidsavtale - nytt utkast
- 2 Notat til samarbeidsavtale - anskaffelsesforskriften §3.pdf
- 3 Samarbeidsavtale - gjeldande

Bakgrunn for saka

Klima- og miljøberedskapen i Telemark er organisert som eit kommunalt oppgåvefelleskap, med ei samarbeidsavtale som blei vedteke av samtlege 17 kommunane i Telemark. Avtala tok til å gjelde frå 01.01.24.

I løpet av våren 2025 er avtalen revidert etter innspel frå Vestfold og Telemark Revisjon og juridisk rådgjevar hjå Samfunnsbedriftene. Formålet med revisjonen har vore å sikre at avtala er juridisk og rekneskapsmessig korrekt. Revidert avtale krev at samtlege kommunar handsamar og vedtek likelydande avtale.

Saksutgreiing

Tillegg og justeringar er satt som merknader og utheva i nytt utkast til samarbeidsavtale.

Endringane i avtala er i hovudsak av teknisk og juridisk karakter. Den mest vesentlege endringa er at omgrepet "daglig leder" er fjerna, og at kommunanes bidrag til oppgåvefelleskapet er tydelegare definert. Dette er gjort for å sikre at samarbeidet klassifiserast som ei samarbeidsavtale og ikkje som ei anskaffing.

Revidert avtale er handsama og samrøystes tilrådd av:

Beredskapsstyret for brannsjefane i Telemark (22. april 2025)

Representantskapet for kommunane (6. juni 2025)

Tilrådinga er at kommunane vedtek samarbeidsavtala slik ho ligg som vedlegg til saka.

For at avtala tek til å gjelde må alle deltakarkommunane vedta ny likelydande samarbeidsavtale.

Revidert samarbeidsavtale har ingen økonomiske konsekvensar.

Konklusjon

Kommunedirektør tilrår kommunestyret å vedta revidert samarbeidsavtale om kommunalt oppgåvefelleskap for Klima og miljøberedskapen i Telemark.

Kommunedirektørens tilråding

1. Revidert Samarbeidsavtale for Kommunalt oppgåvefelleskap for Klima og miljøberedskap i Telemark blir vedteke som vedlagt i vedlegg 1.
2. Notat med vurdering av avtalen i samsvar til anskaffelsesføreskrifta (vedlegg 2) blir teke til orientering.